



Av Lars Eide

Ynskjekvisten

og andre folkelege søkjereiskap

*Forståing og bruk av søkjereiskapar
i spenningsfeltet mellom tradisjonell
magi og moderne kultur*

Masteroppgåva eg leverte hausten 2015 er eit forsøk på å teikna eit bilete av nokre sider ved dei kulturelle prosessane ynskjekvisten og andre folkelege søkjereiskapar har vore gjennom frå ei eldre meir magisk bruk til korleis dette skjer i dag. Eg har forsøkt å kasta lys over spørsmålet om korleis ynskjekvisten sin form og bruk har endra seg frå 1800-talet til i dag. Korleis har førestillingane om ynskjekvisten og liknande søkjereiskap tilpassa seg i det samfunn dei lever i?

Ynskjekvisten er mest kjend som ein reiskap til å finna grunnvatn til brønner, men den er og kjend for å kunna finna ulike metall, skattar, stolne eller forsvunne ting og bortkomne dyr. Slik hjelp som å finna godt vatn til hushald og gardar, eller finna bortkomne sauar og kyr i fjellet var tenkjeleg livsviktig for dei som trengte den. Mange slike oppgåver har vore knytt til den «kloke». Skilnaden er at ein ikkje treng å ha evna som «klok» for å nytta ynskjekvisten, men at ein har – det nokon kallar det – evna til å «registrera» energiar.

I feltarbeidet oppdaga eg *Norsk kvistgjengerforening*, og var med dei på eit kurs/årsmøte på Gran på Hadeland. Denne

foreininga står for å utvikla metodar og teoriar knytt til det dei kallar *intuitive søkjereiskapar*. Dette omgrepet inkluderer alle søkjereiskapar frå pendel/pendelstav¹, ynskjekvistar av alle slag og søkjervinklar. Det vil seia at desse ulike reiskapane kan alle brukast til det same. Dei fleste kvistgjengarar vil hevda at ein må fokusera på det han søkjer, slik at reiskapen slår ut på rett energi. At det er ein intuitiv søkjereiskap tydar for Norsk kvistgjengerforening at det er intuisjonen som veit kvar det du søkjer etter er, slik sett er søkjereiskapen ein indikator og ikkje ei antenna.

Andre omgrep dei nyttar i forei-

1 Søkjervinklar er L-forma metallbogar

ninga er *kvistjengar* og *kvistgjengeri*. Desse omgrepa skildrar personen som nyttar ein intuitiv søkjereiskap. Eg nyttar og omgrepet *kvistjengar* om ein person som «går» med ynskjekvist.

I masteroppgåva har eg gjort intervju og portrettert to ulike kvistjengarar – Jakob og Gaute – for å kasta lys over to ulike utviklingar. Portretta skildrar korleis ein av dei har utvikla seg frå ein meir tradisjonell ståstad, medan den andre har vore ein del av eit alternativ miljø og har difor fått innflytelse frå ein annan ståstad.

Blant det eg har sett på i forskinga er korleis ein kan greia ut om ein person sitt *verdsbilete* frå *kvalitative forskingsintervju* og *deltakande observasjon*. Omgrepet *verdsbilete* er eit stort omgrep, eit *verdsbilete* består av mange fenomen tolka på individnivå. Det vil seie at *verdsbilete* til ein person består av fleire *røyndomsoppfatningar*. I intervjuar har eg fått inntrykk av nokre av dei ulike røyndomsoppfatningane kvistjengarane Gaute og Jakob har ut i frå deira bruk og forståing av søkjereiskap.

Andre omgrep eg har nytta er *nyreligiøsitet*, *New Age*, og *refortrylling*. Desse omgrepa nyttar eg for å kasta lys over eit analytisk perspektiv på alternativrørsla i Noreg som søkjereiskap er ein del av i dag. Eg har og sett på eldre meir kollektive førestillingar om *magi* samanlikna med dagens førestillingar knytt til det *okkulte* (skjulte krefter). I denne samanhengen har eg òg kasta lys over Max Weber sin teori om *avfortrylling* av *verdsbilete* frå opplysingstida (1700-talet).

Ynskjekvisten i historisk perspektiv

Ynskjekvisten var blant dei *folkeleg magiske* praksisar som kyrkja slo hardt ned på etter reformasjonen. I Martin Luther sitt skrift, *En forklaring av De ti bud* (1518),

nemner han blant anna ynskjekvisten som ein del av den folkelege magi der ein stiller sin lit til andre krefter enn Guds kraft. Dermed bryt ein dei fyrste boda ved å nytta ynskjekvisten².

Eg har sett på korleis ynskjekvisten har forandra seg frå 1800-talet – der kvisten var knytt til rituelle førestillingar om kvar, når og korleis ein kan finna ein ynskjekvist – til dagens førestillingar. Som kjelde til bruk av ynskjekvisten på 1800-talet har eg nytta *Norsk Folkeminnelags skrifter* (NFL). Desse folkeminnar er ofte samla av folk som sjølv ikkje nytta ein søkjereiskap, men som på ulike måtar kjenner til reiskapen.

Ynskjekvisten vert oftast kalla *peikestikke* i NFL, og den vart mykje brukt til å søkja etter skattar. Når det gjeld det å skulle skaffa seg ynskjekvist, så syner det seg å vere skilnadar i førestillingane om tresortar, om korleis treet veks til og når og kvar kvisten vert funne eller henta. Dette vil eg gje nokre dømer på frå NFL: ”Den som heve *Peikestikka*, kan finna *Skattar*. Da er ein *Kvist*, som veks tvert igjenom eit *Tre*.”³ I dette dømet er det veksthøvet til treet som gjev den «kraft». Det vart sagt i NFL at ein kunne og nytta eit *flog-tre* (Det er eit tre som veks ut frå eit dødt tre). ”En *Flogrogn* skal nok ogsaa bruges til den saakaldte «*Ønskekvist*» eller «*Pegestikke*» hvormed *Skatte* søges.”⁴

Det vert ikkje nemnd ein einaste ynskjekvist som er laga av noko anna enn tre i NFL, men tresorten kan variera etter kva det er ein søkjer etter. Ein stad er det foreslått at ein må nytta vier om ein skal finna vatn⁵, ein annan stad står det at ein

2 Nils Gilje, 2010: 195

3 NFL, bind 1: 176

4 NFL, bind 18: 47

5 NFL, bind 25



Illustrasjonane er henta frå
Meldingar fra Norges landbrukshøiskole – Studium av ynskjekvisten av Sigvald Hasund
 (Kra. 1921).

må nytta hassel om ein søkjer skattar og at den må skjærast av når det er fullmåne⁶.

I NFL kjem det til uttrykk at ynskjekvisten er ein utvikling frå pendelen. ”Ønskekvistens Historie synes nøje knyttet til Historien om de magiske Pendelsvingninger, som i nyere Tider har fundet en fortsættelse i Borddans og Aandebanken.”⁷ Pendelen og ynskjekvisten vert skildra som to reiskap av same sorten. At pendelen i nyare tider har funnet ein fortsetting i borddans og andebanking set reiskapen i ein spiritistisk kontekst. Den same konteksten har eg funne i ein av kjelda mine frå 1900-talet skrive av Sigvald Hasund – *Studium av ynskjekvisten* (1921). Hasund set òg ynskjekvisten inn i ein spiritistisk kontekst, der han blant anna meiner at den som kan «gå» med kvisten kan og få «bordet til å banka»⁸.

Utviklinga ynskjekvisten tok mot 1900-talet vart meir spiritistisk. Dei reglane og rituala ein måtte fylja for å få ein kvist med

rett kraft visar seg ikkje att på 1900-talet. Sigvald Hasund påpeikar i sitt studie av ynskjekvisten at den gamle bruken og overtrua som er knytt til den må gløymast, men at kvisten er ein så nyttig reiskap til å finna vatn at me har ikkje råd til å la den verta gløymd⁹.

Likskap mellom kloke folk og kvistgjenngarar

Mange av dei oppgåvene «kloke» folk har hatt i sine lokalsamfunn har vore å finna vatn og bortkomne dyr. Til dømes var Vis-Knut¹⁰ (Knut Rasmussen Nordgarden) ein slik «klok» person. Han brukte ikkje ynskjekvisten men «såg» vatnet renna under jorda. Blant kvistgjenngarane i Norsk kvistgjenngarforening er det òg nokre som kan «sjå» energiane i omverda.

Ein likskap mellom «kloke» og kvistgjenngarar er helteforteljingar, eller suksessforteljingar. Bente Alver seier dette om kloke sine forteljingar:

6 NFL, bind 39: 17

7 NFL, bind 34: 98-99

8 Sigvald Hasund, 1921: 45

9 Sigvald Hasund, 1921

10 Arvid Møller, 1980

Den største kategori er fortællingerne om deres vellykkede opdrag. Det er succesfortællinger eller heltefortællinger. De fortæller dem for deres klienter, men også for et bredere publikum, og de tjener til at bekræfte den kloge selv sin virksomhed og ikke mindst til at styrke klienters og nærmiljøets tillid.¹¹

Slike forteljingar er vanlege blant kvistgjengarar. Til dømes fortel Jakob i intervjuet at han har 10 mislykka vassprosjekt av 534. Slik legitimerer han seg sjølv som kvistgjengar for folk flest, men om det er sant veit berre Jakob.

Norsk kvistgjengerforening

Norsk Kvistgjengerforening vart skipa i 1999. To gonger i året gjev foreininga ut eit medlemsblad kalla *Kvistgjengeren* – Organ for Norsk Kvistgjengerforening. Dei har sidan 1999 gitt ut 32 nummer. Med unntak av dei to fyrste nummera er bladet på 20 sider. Foreininga er ein alternativ foreining og dei deltek på alternativmessen rundt om i landet. Der demonstrerer dei søkjereiskapar og sel diverse litteratur og utstyr. Det å vere kvistgjenger vil – for foreininga – sei at ein er meir følsam for energiar enn andre, og at ein kan nytta ein reiskap for å finna desse energiane. Måten ein nyttar søkjereiskapar på er ved å spå med reiskapen. Det vil sei at ein kan få svar på ja/nei spørsmål.

I *Kvistgjengeren* rører foreininga ved mange ulike tema innan dei alternative rørsleane. Truleg det mest omtalte temaet er *jordstråling* og *geopatogene sonar*¹². For foreininga vil det sei stråling frå jorda

som kan påverke dei som oppheld seg over den. Dersom det går ei vassåra under eit hus som kryssar ei line av jordstråling hevdar fleire kvistgjengarar at energien i dette krysset vert forstyrrende, og at den kan påverka helsa til folk, dyr eller plantar. Frå denne teorien har det kome til fleire metodar der ein kan nytta ynskjekvisten for å oppdaga og unngå strålinga. Ofte vil kvistgjengaren flytta på senger om dei står over eit kryss med forstyrrende stråling.

Det er og nokre kvistgjengarar som har ein *avskjermingsmetode*. Det vil sei at dei på ulike måtar skjermar strålinga så den ikkje vert farleg for folk. I intervjuet med Jakob fortalte han meg om sin *avskjermingsmetode*. Han kalla det å «jorda» energien. Teknikken er inspirert frå vår tekniske verd, lik som den e-verket nyttar for å jorda elektrisk stråling. Jakob måler omkring huset og peiker ut energilinene som går under det. Deretter tar han kopparbogar over energilina i kvar ende så energien vert ført ned i jorda. Denne metoden er inspirert av vitskapen sin forståing av straum.

Den andre personen eg har intervjuet er Gaute, som er leiar i kvistgjengerforeininga. Han har kome fram til at slike avskjermingsmetodar ikkje fungerer godt nok over tid. Han har difor utvikla ein eigen metode for å løysa opp energiar som verkar forstyrrende på folk. Han har trena seg opp til å kunna kjenna energiane direkte med nevane og identifiserer om dei kjem frå vatn, jordstråling, ulike vesen, eller sjeleaspekt og liknande. Når han har identifisert energien så prøver han å løyse «konflikten» som gjer at energien er der. Gaute har funnet at sterke menneskeskapte kjensler skapar energi som vert verande på jorda. Til dømes kjensler av frykt, hat eller angst kan gjere at energien vert verande i omverda.

11 Bente Alver, 2011: 135f

12 Geopatogene sonar er eit område kvistgjengarar hevdar har farleg/forstyrrende energi

Då eg var på kurs med foreininga hadde me eit slikt tilfelle der det var eit sjeleaspekt etter ei heks på ein stad kurshaldaren meina ein gong hadde vore ein avrettingsstad. Dette sjeleaspektet sendte energiar rundt seg som nokre stadar skapa energikryss med forstyrrande energi. Då tok kurshaldaren kontakt med sjeleaspektet og stilla spørsmål som søkjereiskapen svara ja/nei på. I samtalen gjorde kurshaldaren sjeleaspektet klar over at ho var død, og då forsvann ho inn i ein lys portal. Etter det fann ikkje kurshaldaren energien etter ho lenger.

Endringar og tilpassingar over tid

Me finn utbreidde førestillingar om ynskjekvisten i dag. Framleis er det slik at han vert brukt til å finna vatn. Ein annan bruk er knytt til betre helse. Førestillingane om ynskjekvisten og bruken av den går langt tilbake i tid. Men førestillingar og bruken har endra seg og tilpassa seg den kulturen og det samfunn som har vore ynskjekvisten sin kontekst. For å løfta fram desse tilpassingane i notid, må eg forholde meg til ein annan kompleksitet enn tidlegare, og ei rekkje meir og mindre nyanserte verdsbilette. Dette er ein av dei store skilnadene på det gamle «bakteppet» og det nye om ein skal forstå kva dette dreiar seg om. Sjølv ynskjekvisten som reiskap, har skifta form, og ein har gjerne gått over frå å bruka tre til å bruka metall – eller til berre å bruka hendene. Metodane ein nyttar har fått ulike teoretiske forklaringar, basert på forskjellige tradisjonar, vitskap eller New Age.

Den store skilnaden på forklaringa til ynskjekvisten finn stad i overgangen frå 1800 til 1900-talet. Det er her snakk om overgangen frå ein eldre meir homogen kollektiv forståing for magi, til magi i vår tid som er meir som eit lappetepp. Det vil

seie at magi i dag er satt saman meir individuelt frå ulike stadar og med utgangspunkt i ulike førestillingsverder¹³.

Konklusjon

Eg har funne at ynskjekvisten lever i beste velgåande. Trua på den held fram. Kyrkja klarte altså ikkje å ta livet av den. Når trua på ynskjekvisten stadig lever, så må det sjåast i lys av folk sin erfaring med reiskapen – og forteljingane om desse erfaringane. Ein god kvistgjengar meiner han kan finna vatn – og ikkje berre vatn – men sunt vatn. Godt vatn er viktig for kvistgjenngarar.

Reiskapen har endra seg i form og bruk i forhold til den historiske konteksten. Her kan me snakka om ei utvikling. Notidig bruk er prega av idear frå alternative rørsler. Trua på krafta og energien som finns i omgjevnaden, gjer at ynskjekvisten flettar seg godt inn i desse rørsle sine førestillingar. Men forståinga av ynskjekvisten er også prega av idear frå vitskapen. Mange kvistgjenngarar prøver å overtyda skeptikarar gjennom å nytta omgrep og uttrykk frå vitskapen, slik som radiestesi, geobiologi, goepatogene sonar, jordstråling, magnetfelt, og avskjerming.

Førestillingar om bestemte tresortar var vanlegare på 1800-talet, der det ikkje var snakk om evna i personen, men det var reiskapen som kunne visa deg til det du søkte. I dag forstår kvistgjenngarar evna si meir likt med «kloke», men at dei kloke har ei «kraftigare» evne og dei «kan» meir enn det ein kvistgjenngar «kan».

Ein annan utvikling er at kvisten ser ut til å ha smelta saman med førestillingane om pendelen. Pendelen vert forstått av kvistgjenngarar som eit folkeleg søkjereiskap. Det betyr at alle slags reiskap kan

13 Bente Alver, 2008

nyttast likt, men kvistgjengarane sine erfaringar er at nokre reiskapar er betre til det eine enn til det andre. Mitt inntrykk er at pendelen ofte vert nytta av kvistgjengarar i relasjon til sjukdom. Den vert brukt i vid forstand innan nyreligiøse rørsler til å finna ut om noko er skadeleg eller ikkje, ved å

stilla ja/nei spørsmål. Men pendelbruk er òg ein «main-stream» aktivitet, som særleg vert nytta til å finna ut om folk er intolerante for visse matvarar. Dette er bruk som ser ut til å ta seg opp, fordi det i dag er stor diskusjon om allergi og intoleranse i høve til mat.

Litteraturliste

Alver, Bente Gullveig, 2008: *Mellem mennesker og magter. Magi i hekseforfølgernes tid*. Scandinavian Academic Press. Spartacus

Alver, Bente Gullveig 2011: «Fortælling, fortolkning, fortryllelse. Et kulturanalytisk perspektiv på fortællertraditionen om den kloge» *DIN, Tidsskrift for religion og kultur*. Novus A/S. s. 132-154

Gilje, Nils, 2010. *Heksen og humanisten – Anne Pedersdatter og Absalon Pederssøn Beyer – en historie om magi og trolldom i Bergen på 1500-talet*. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS, 2. opplag.

Hasund, Sigvald, 1921. *Meldingar fra Norges landbrukshøiskole – Studium av ynsjekvisiten*. Grøndahl & søns boktrykkeri, Kristiania.

Møller, Arvid, 1980. *Vis-Knut*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.

Norsk Folkeminnelags skrifter, Bind 1, 18, 25, 34, 39

Lars Eide er master i kulturvitenskap fra Universitetet i Bergen. Interessefeltene er bygdekultur, folketru, nyreligiøsitet og førestillingar om magi.



Foto: Helge Hoel

I eit utdrag frå rådmann Friis sin tale under avdukinga av statuene på Nybrua, Kongsberg, 16. Juni 1957, fortel han om bruk av ynskekvisten til å finna sylv i mina: "Kanskje noen vil forundre seg over at gruvegesellen er utstyrt med ønskekvist, og kanskje man vil hevde at man leter ikke etter metaller på denne måten. Til det er å svare at jo man gjør det, det er nøye undersøkt, og det har vært gjort i tidligere tider også her ved Kongsberg Sølvverk om jeg ikke kjenner til hvilket resultat det har brakt. Kongsberg Sølvverk nedlegges i år.

Vi vet alle at der ennå er sølv i gravene, riktig nok ikke drivverdig lenger sies det, men vi synger jo gjerne i Kongsbergsangen om Kongsbergs velmaktsdager som vi ønsker oss tilbake, og kanskje de fleste av oss går rundt med et stille håp om at Sølvverket en gang skal bli gjenopptatt. La oss da se på denne rutengänger, gruvegesellen med ønskekvisten, som et symbol på det evige bergmannshåp, håpet og troen på skjulte rikdommer i dypet, og om vi vil kan vi jo også se på ham som et uttrykk for våre egne håp og våre egne ønsker, for hvem av oss går ikke rundt med en ønskekvist etter lykken."